




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Surnadal vidaregåande skole

Årsmelding skoleåret 2024-25



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	5
3. Læringsmiljø	7
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	7
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	8
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	12
4. Skoleårsresultat	14
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	14
4.2 Karaktersnitt	17
4.3 Fråvær	18
4.4 Elevar som har slutta	19
4.5 Overgangar	20
5. Leiing og profesjonsutvikling	22

1. Rektor har ordet

Skolen hadde skoleåret 24-25 197 elever fordelt på utdanningsprogramma studiespesialisering, helse- og oppvekstfag, elektro- og datateknologi, teknologi- og industrifag og bygg- og anleggsteknikk, ei auke frå 184 elever i 23-24. Vi rekrutterer elever i hovudsak frå Surnadal, Rindal og Heim. Trass reduserte budsjetttrammer greidde vi også i 24-25 å ivareta breidda i tilbod. Dette er viktig for at ungdommar i distrikta skal ha like moglegheiter som ungdommar kring byane. Surnadal vgs skal framleis vera naturleg førsteval for ungdommane i regionen, samtidig må vi tenkje ut over eigen region.

August -24 tredde ny opplæringslov med fullføringsrett i kraft. Vi merka dette da søknadstala for skoleåret 25-26 var klare. Eksempelvis fekk elevane med vaksenrett tilbod om vidaregåande opplæring for vaksne i Kristiansund. Vi støttar målet med ordninga, som er å sørgje for kortast mogleg veg mellom skole og arbeid for målgruppa, med ei realkompetansevurdering som grunnlag. Samtidig mistar skolen noko av elevgrunnlaget. Oppretting av nettskoletilbod administrert frå Kristiansund kom og inn som tilbod frå skoleåret 24-25, eit anna eksempel på det same. Dette er eit positivt tilbod som vil auke fullføringa, men som påverkar elevgrunnlaget til skolane i distrikta. Vi er spente på korleis desse endringane, med fleire, vil påverke rekrutteringa vidare, og kva moglegheiter dette gir for skolen. Dette vil vi sjå tydelegare effekten av skoleåret 25-26. Vi må stadig tenkje nytt for å tilpasse oss endra samfunnsbehov.

Trøndelagsavtalen, som sikrar elever frå Heim og Rindal kommune rett til å velje Surnadal vgs er særskild viktig for skolen. Å oppretthalde avtalen, som gir elevane i vår naturlege bo- og arbeidsregion moglegheit til å søkje skoleplass hjå oss også i åra framover, vil bli høgt prioritert også i 25-26.

Vårt overordna mål er at elevane skal fullføre, vera budde på det som kjem og meistre liva sine i medgang og motgang. Alle tilsette er tett på alle elever til ei kvar tid. Dette målretta arbeidet ser vi spor av, elevane gir tilbakemelding om at dei trivst. Å lukkast med dette er sentralt for at elevane skal gjennomføre og fullføre.

Surnadal vgs ynskjer å vera ein skole for framtida, som imøtekjem den lokale, regionale, nasjonale og internasjonale arbeidsmarknaden i eit samfunn i stadig større utvikling.


2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	31,99
Tal på årsverk i leiarstillingar	3,0
Tal på årsverk andre tilsette	2,0

Skolen hadde i aug -24 31,99 årsverk fast, pedagogisk personale, i tillegg 3 årsverk til leiling. Leiinga består av rektor, assisterande rektor, avdelingsleiar for yrkesfag og avdelingsleiar for studiespesialisering. Dei to sistnemnte har 50% undervisning lagt til stillinga si. Skolen har vidare 2 årsverk merkantilt tilsette (inkludert 0,34 årsverk bibliotek).

Organisasjonskart Surnadal VGS



Figur 1 Organisasjonskart Surnadal vgs

Pedagogiske personale, inkludert leiinga, utgjer til saman 37 tilsette, 54% kvinner og 46% menn. Inkludert i talet er og ein vernepleiar og ein spesialpedagog. Når merkantilt tilsette reknast med er den prosentvise fordelinga mellom kvinner og menn hhv. 56% og 44%.

Skolen har ein rådgjevarressurs på 45%. Rådgjevar er også OT-kontakt for Aure, Smøla og Surnadal. Skolen har tilgjengeleg IT-ressurs med kontorstad på huset. IT-ressurs har også sentrale IT-oppgåver. Driftsteknikar og reinhaldarar er organisert under bygg- og eigedomsavdelinga, men lokalisert på huset. Skolen har privat kantinedrift, og Indre Nordmøre opplæringskontor har tilhald hjå oss. Kommunen sin ungdomskontakt og helsesjukepleiar har faste treff-tider kvar veke på skolen for elevane. Det same har PPT.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro og datateknologi	15	12	7	34
Teknologi og industrifag	14	11		25
Bygg og anleggsteknikk	11	12		23
Helse og oppvekstfag	14	7		21
Studiespesialisering	29	26	32	87
Påbygg generell studiekompetanse			7	7
Total	83	68	46	197

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	21
---	----

Skoleåret 24-25 hadde skolen 197 elevar fordelt på 13 klassar. Skolen gjekk i praksis ned frå 14 til 13 klassar frå 23-24 til 24-25, fordi barne- og ungdomsarbeidarfaget vart teke bort som tilbod på skolen. Elevtalet fordeler seg relativt jamt mellom studiespesialisering (inkludert påbygg) og yrkesfag, med 96 elevar på ST og 101 elevar samla på YF.

Skoleåret 24-25 hadde skolen 21 minoritetsspråklege elevar med vedtak om særskilt språkopplæring, og det vart gjort 4 enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2023-24	2024-25	Fylket 2024-25
0 eller ingen	5,3%	7,2%	9,3%
0 - 25	-	-	3,0%
25 - 30	1,3%	3,6%	5,5%
30 - 35	12,0%	7,2%	11,5%
35 - 40	18,7%	18,1%	17,2%
40 - 45	17,3%	25,3%	21,7%
45 - 50	30,7%	24,1%	18,2%
Over 50	14,7%	14,5%	13,5%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Surnadal vgs	40,8	41,2	42,0	43,4	42,9
Fylket	42,2	42,2	42,5	41,3	41,1

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Tabell 2.3.1 syner at skolen sine tal på elevar med grunnskolepoeng frå 45-50 har gått betrakteleg ned frå 23-24 til 24-25. I perioden frå 22-23 til 23-24 hadde denne kategorien til samanlikning auka betrakteleg. Kanskje er dette ei teikn på at vi no er meir tilbake til det som er normalt. Vi ligg framleis noko høgare enn fylket i kategorien (grunnskolepoeng 45-50), men gapet er mindre enn det var i fjor.

Tabell 2.3.2 syner at den gjennomsnittlege poengsummen frå grunnskolen auka jamt frå 21-21 til 23-24 for skolen, men at vi no ser ein nedgang frå 23-24 til 24-25. Aukinga i perioden fram til 23-24 kan kanskje forklarast med ei elevgruppe som har høge ambisjonar. Auka karaktersum kan også ha tett samanheng med koronapandemi og avlyste eksamenar over fleire år. Kanskje ser vi no at effekten etter koronapandemien held på å flate ut. Det blir interessant å følgje med vidare.

Grunnskolepoenga har, som tidlegare nemnt auka sakte, men sikkert dei siste åra. Dette kan tyde på at det blir arbeidd godt i ungdomsskolane. Samtidig erfarer vi at elevane ikkje har auka kompetansen samanlikna med tidlegare år. Kanskje har lærarar eit press på å gi elevane gode karakterar? Vi erfarer også at karakteren 4 ikkje lenger blir sett på som ein god karakter av elevane. Kan dette vera eit teikn på at elevane legg større press på lærarane om å gi dei gode karakterar? Dette er aktuelle problemstillingar som bør diskuterast.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Elevundersøkinga sine resultat kan delast i to: Hovudresultatet med ulike tema innfor læringsmiljø og mobbing. Her følger ei nærmare beskriving av resultata og vidare arbeid knytt til oppfølginga.

Nærmare om læringsmiljø

Samla skår for alle læringsmiljøindikatorar syner at skolen har betre skår enn både lands- og fylkesgjennomsnittet for vg1 og vg3, men ligg noko under lands- og fylkesgjennomsnittet for vg2.

Om ein ser nærmare på resultata for vg1 ligg skolen over eller på lands- og fylkessnittet på dei aller fleste indikatorar, med unntak av for indikatorane felles reglar, og elevdemokrati og medverknad. For sistnemnte kategori er dette ein trend vi har sett over fleire år, vi skårar dårlegare enn vi ynskjer. Skolen har sett inn tiltak kvart år, eksempelvis har vi arbeidd saman med elevane for å få felles forståing av kva elevmedverknad er, og vi har hatt eit spesielt fokus på medverknad gjennom eleven si eigenvurdering i fag. Vi ser dessverre lite effekt av tiltaka. Våren –25 valde vi heller å fokusere på å dele gode eksempel på elevmedverknad. Det vart henta inn eksempel både via elevrådet frå alle klassar, og frå dei tilsette. Elevane kom med konkrete eksempel på når dei har opplevd medverknad, medan dei tilsette ga eksempel på kva dei gjer i sine grupper for at elevane skal ha reell medverknad. Alle eksempla vart avslutningsvis samla og delt med alle. Vi tenkjer å gjennomføre same praksisdeling skoleåret 25–26, og har tru på at det å løfte fram gode eksempel som vidare delast er rett veg å gå.

Nærmare om mobbing

Skolen har tradisjonelt hatt låge mobbetal, så låge tal at dei har vore anonymiserte. For 23-24 var tala høgare enn både fylkes- og landssnittet, og for første gong av den storleiken at dei var synlege for oss. I forlenging av dei nedslåande resultata vart det arbeidd med kartlegging og tiltak ut over det vanlege våren -24 (gjort greie for i årsmeldinga for 23-24). Eit av tiltaka som vart bestemt iverksett er kartlegging av klassemiljøet ved hjelp av undersøkinga Spekter førebyggjande i alle vg1-klassar.

For skoleåret 24-25 syner skolen sine tal at 4,2% av elevane opplever å bli mobba. Dette er lågare enn både snittet for Møre og Romsdal (6,4%) og for landet (6,3%). Likevel er vi ikkje fornøgde. På Surnadal vgs skal alle trivast, og vi har nulltoleranse mot mobbing.

Oppsummert

Resultata frå elevundersøkinga er drøfta i ulike råd og utval, og det vidare arbeidet er konkretisert med tiltak i skolen si handlingsplan for kvalitet i opplæringa for skoleåret 25-26, knytt til målet «Vi skal ha eit læringsmiljø som fremjar trivsel og læring, og kor elevane opplever ein trygg og god skolekvardag». Arbeidet held fram.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	3
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Generelt om læringsmiljøet

Skolen hadde eitt prioritert mål innanfor hovudområdet læringsmiljø skoleåret 24-25: «Vi skal ha eit læringsmiljø som fremjar trivsel og læring, og kor elevane opplever ein trygg og god skolekvardag». Sentrale tiltak innafor hovudområdet er tett relasjon og dialog med elevane i alle ledd, eit aktivt innsatsteam mot mobbing, førebyggjande arbeid og

tiltak med mål om null mobbing, vidareutvikle VIP-makkerskap og arbeid med inkluderande praksis. Skolen har arbeidd godt med tiltaka, arbeidet blir vidareført i 25-26.

Førebyggjande systemarbeid – skolemiljø

Skolen arbeider systematisk med skolemiljøet. Elevar og føresette blir orienterte om skolen sitt arbeid med kapittel 12 og aktivitetsplikta først på informasjonsmøte på ungdomsskolen. Temaet er vidare oppe i ulike fora på eigen skole jamt gjennom året.

Aktivitetsplanar

Skolen har låg terskel for å opprette aktivitetsplanar som omhandlar skolemiljøet, noko som kjem elevane til gode. Skoleåret 24-25 vart det oppretta 3 aktivitetsplanar med bakgrunn i aktivitetsplikta etter §12-4, 2 på elevnivå og 1 på klassenivå. Det vart ikkje oppretta planar etter §12-5 (skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen krenkjer ein elev), heller ikkje etter §12-7 (det fysiske skolemiljøet).

Skolen sitt innsatsteam mot mobbing (SIM)

Skolen har eit aktivt innsatsteam mot mobbing (SIM), som består av rektor, rådgjevar og PPT-representant, og har innarbeidde rutinar som omhandlar skolemiljøet. Når saker dukkar opp avklarar SIM straks saman med kontaktlærar omfanget. Når saka utløyser skolen si aktivitetsplikt, blir saka følgd opp av SIM i tråd med rutinane. SIM har også ei sentral rolle i det førebyggjande arbeidet. SIM møtast fast kvar tredje veke, då står både system- og individsaker på agendaen. I tillegg møtast utvida SIM ved behov/når akutte saker oppstår (avdelingsleiar koplast da på).

Inkluderande avgangs- og russetid

Skolen starta med å involvere seg i større grad i russetida allereie skoleåret 21-22, og har sidan den gong heldt fram med å vera tett på avgangselevane med mål om ei inkluderande russe- og avgangstid. Dette er no ein naturleg del av skolekvardagen. Vi ser at russetida i for stor grad påverkar skolemiljøet negativt for våre elevar. Russe- og avgangstida er krevjande for mange, spesielt når det kjem til økonomi og inkludering. Tiltak som er sett i verk er mellom anna å utarbeide og følgje opp samarbeidsavtale og

eit årshjul for aktivitetar. Det gjennomførast også jamlege samarbeidsmøte. Skolen sponsar felles genser for alle avgangselevar, får kvart år oversikt over russegruppene og hjelper avgangselevane med å gjera sjølve feiringa inkluderande. For kvart år har vi også vidareutvikla dei allereie etablerte samarbeidspunkta vi har med lokalsamfunnet. Vi merka at russetida våren –25 var meir dempa enn tidlegare år, dette heng nok naturleg saman med at dei sentralgitte eksamenane vart framskunda med ei veke. Våren –26 er eksamenane varsla enda ei veke tidlegare, vi er spente på korleis dette slår ut. Uansett – samarbeidet med avgangselevane om ei inkluderande russe- og avgangstid held fram også i 25–26.

VIP-makkerskap

Surnadal vgs er ein VIP makkerskap skole. Eit viktig tiltak innafor VIP makkerskap er at kontaktlærar sett elevane saman i faste samarbeidspar/makkergrupper i alle klassar og faggrupper, og at alle har sin faste plass i alle klasserom. Først og framst på vg1, men og på vg2 og vg3. Makkerpara blir bytta på jamleg gjennom skoleåret. Gjennom VIP-makkerskap blir elevane kjende med og trygge på alle i klassen/gruppa. Arbeidet er nedfelt i skolen sin felles standard for skolestart.

Ressursteam og tverrfagleg team

Skolen har møte i ressursteam tredje kvar veke. Teamet består av leiargruppa, rådgjevar, OT-kontakt og PPT-ressurs. Ressursteamet arbeider både på systemnivå og med individsaker. I det individuelle arbeidet har ressursteamet fokus på elevar med faglege og sosiale utfordringar, både dei med vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring og andre som treng ekstra støtte. Eit eksempel på systemarbeid skoleåret 24–25, var strategi knytt til «kompetaseløftet – spesialundervisning og inkluderande fellesskap».

Elevane sitt læringsmiljø blir påverka av det som skjer utanfor skoletida. For å ta høgde for dette deltek skolen i «Tverrfagleg team», eit kommunalt møtepunkt kor ulike instansar som arbeider med unge møtast jamleg. Deltakarar er rektor og rådgjevar frå Surnadal barne- og ungdomsskole og vidaregåande skole, ungdomsteam, ruskontakt og politi.

Tilpassa opplæring, individuelt tilrettelagt opplæring og inkluderande praksis

Et viktig område innanfor læringsmiljø er tilpassa opplæring. Føresetnader for å lykkast her er mellom anna at lærarane er godt kjende med elevane sine læreføresetnader.

I overgangen frå ungdomsskolen til vidaregåande hadde vi også skoleåret 24–25 eit godt samarbeid med rådgjevarane i ungdomsskolane. Ei gjennomgåande PP-teneste gjer også sitt til at vi får god kjennskap til vg1- elevane når dei startar hjå oss.

Før skolestart gjennomførast det kvart år, saman med PPT, klasselærarmøte i alle klassar. Der blir faglærarane orienterte om elevane i dei enkelte klassane. I løpet av første og andre skoleveke gjennomførast vidare klasselærarmøte i alle vg2- og vg3- klassar. I tillegg til dei enkelte klassane sine faglærarar er også PPT og kontaktlærarane frå fjorårets vg1- og vg2- klasse med på desse møta.

Skolen har arbeidd systematisk med tilpassa opplæring over tid, også skoleåret 24–25. Vi opplever likevel at vi framleis har ein veg å gå når det gjeld å auke kompetansen på individuelt tilrettelagt opplæring gjeve i ordinær gruppe. Vi ynskjer i tråd med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis å gi mest mogleg av den individuelle tilrettelagte opplæringa i ordinær klasse, slik kjem hjelpa heile elevgruppa til gode, i tillegg til at eleven som har vedtak får vera ein del av eit fellesskap. Som eit resultat av dette brukar vi av ressursane til tilrettelagt opplæring slik at vi kan ha små undervisningsgrupper framfor å knytte ressursane opp mot enkeltelevar gjennom enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring. I alle slike prioriteringar ligg elevens-beste-vurderingar til grunn.

Med bakgrunn i elevens-beste-vurdering hadde vi skoleåret 24–25 ei lita gruppe elevar som fekk store delar av opplæringa i lita gruppe og/eller som eineundervisning. For denne elevgruppa har vi eit godt samarbeid med Koordinerande eining, Trollheim og Indre Nordmøre opplæringskontor. Vi meiner dette gjer at denne elevgruppa får eit opplæringstilbod som gir ein meningsfull kvardag både no og seinare i livet som vaksne.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	10
Møter i skoleutval	5
Møter i skolemiljøutval (fasa ut skolemiljøutval frå 24-25)	0

Elevdemokrati og elevmedverknad

Elevdemokratiet og elevane si oppleving av reell medverknad er sentralt i elevane sin trivsel og læring. Som tidlegare år deltok også alle elevar i 24-25 i elevundersøkinga og undervisningsevalueringa, og resultatata vart følgd opp av personalet og i elevrådet.

Vi er bevisste på å knytte arbeidet med elevdemokrati og elevmedverknad til arbeidet med undervegsvurdering og elevane si eigenvurdering i fag. Dette er eit arbeid som tek tid, og som det dermed er viktig å halde stødig fokus på. Arbeidet held fram i 25-26.

Aktivitet i elevrådet

Skolen hadde skoleåret 24-25 eit aktivt elevråd med 10 møter. Elevrådet hadde oppe standardsaker som inkluderande avgangs/-russetid, OD-dagen, elevundersøkinga, undervisningsevalueringa og saker til elevtinget. Hovudarbeidet skoleåret 24-25 vart imidlertid knytt til at elevrådet samla saker frå klassane. Dei viktigaste sakene her var sosialveke for alle elevar ved skolen, ønske om maling av klasserom, ønske om nye sittegrupper, utval i kantina, garderobeskap og parkering/trafiksikkerheit.

Elevrådet opplever det krevjande å få gjennomslag for saker, spesielt saker som medfører ein kostnad – som for eksempel garderobeskap. Skolen har knapp økonomi, dette set ein stoppar for slike investeringar. Det opplevast også krevjande å få gjennomslag for saker kor bygg- og eigedomstenesta er ansvarleg. Eksempel her er maling av klasserom, dette lukkast det ikkje å få gjennomført. Orsaka er prioritering ut i frå kva som er nødvendig vedlikehaldsarbeid og ikkje. Å få male sjølv på skolen sitt eige budsjett opnast det heller

ikkje for. Elevrådet ynskjer å arbeide vidare for å få gjennomført trivselstiltak som kostar lite, som maling av klasserom, også skoleåret 25–26.

Elevrådet søkte om midlar frå EO-fondet som skulle brukast til sosialveka, men fekk avslag. Sosialveka vart likevel gjennomført, og vart ein suksess med lågterskel trivselstiltak for alle! Det vart gjennomført quiz, Kahoot, vinteraktivitetsdag, servering av sjokoladecake og pølse med brød. Trivselstiltaka vart stort sett gjennomført i samband med lunsjen i skolen sitt bibliotek- og kantineområde. Veka var vellukka og elevrådet prøver til at med å søkje om midlar også skoleåret 25–26.

Ei sak som vart prioritert i 24–25 (som tidlegare år), var korleis tillitselevane kan trygge og støtte kvarandre i å leie klassens time og drive inkluderande prosessar i klassane på best mogleg måte. I praksis føregjekk dette på det viset at tillitselevane øvde seg i elevrådet før dei tok sakene i klassane. Dei utveksla idear om korleis organisere og leie arbeidet, og utarbeidde ein mal for gjennomføring av klassens time i forlenging av dette. Elevrådet arbeidde også med korleis dei best mogleg kunne få flyt i arbeidet – frå klasseråd, til elevråd, til elevrådsstyre – og omvendt.

Kontaktlærarar og faglærarar tek elevrådsarbeidet på alvor, og tillitselevane får tid til elevrådsarbeid når dei treng det.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2024-25, prosent	93,4%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg- og anleggsteknikk	100%	100%		100%
Elektro og datateknologi	93,3%	66,7%	71,4%	79,4%
Helse- og oppvekstfag	92,9%	85,7%		87,5%
Påbygg til generell studiekompetanse			71,4%	71,4%
Studiespesialisering	96,6%	100%	96,9%	97,7%
Teknologi- og industrifag	100%	100%		100%
Total	96,4%	89,7%	89,1%	93,4%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Surnadal vgs	93,1%	93,1%	92,1%	92,3%	93,4%
Fylket	92,7%	91,5%	91,0%	90,8%	88,4%

4.1.4 Skolen sine kommentarer og analyse

Skolen har mål om gjennomføringsprosent på minst 90%. Nokre av dei mest sentrale tiltaka vi har for å nå målet er tett relasjon og dialog med elevane i alle ledd i skolekvardagen, faste klasselærarmøte, låg terskel for avklaringssamtalar, jamlege møter i skolen sitt ressursteam, fokus på eit trygt og godt skolemiljø, tett og godt samarbeid

med ungdomsskolane, skolehelsetenesta og PPT, følgje opp hybelbuarar spesielt, og gjennomføring av eiga undervisning for elevar i forkant av NUS-eksamen. Tiltaka er forankra i skolen si handlingsplan. I tillegg har vi gjennom kompetanseløftet for inkluderande praksis hatt fokus på problematisk skolefråvær. I den samanhengen har vi eksempelvis teke ut fråværsrapportar og gjennomgått desse i ressursteam kvar tredje veke, elev for elev. Elevar vi har vore bekymra for har vi sett inn strakstiltak for å hjelpe.

Skolen sine tal for fullføring har tradisjonelt vore høge og tala har jamt spegla trenden samla for fylket. Skoleåret 24-25 hadde skole ein fullføringsprosent på 93,4%, som er over gjennomsnittet for fylket. Svakast gjennomføringsprosent skoleåret 24-25 var på utdanningsprogramma påbygg til generell studiekompetanse og elektro- og datateknologi. Både påbygging til generell studiekompetanse og automasjon (vg2 og vg3 elektro- og datateknologi) er krevjande fagområde. Vi finn stor variasjon i motivasjonen hjå elevane på påbygg. På den eine sida har vi dei som har vald påbygg bevisst frå dei starta på vidaregåande. På den andre sida har vi dei som «havnar» på påbygg på grunn av mangel på læreplassar. Vi erfarer at den største utfordringa for elevane på påbygg er matematikkfaget. Dette er eitt fag dei ikkje har hatt sidan dei gjekk på vg1. Elles er det på vg2 og vg3 automasjon vi har flest elevar som er plassert hjå oss frå andre delar av fylket, fordi dei ikkje kjem inn på den skolen dei søker seg til. Eit krevjande fagområde i kombinasjon med hybellivet gjer nok at det blir ekstra utfordrande for desse elevane.

Skoleåret 24-25 hadde skolen 2 elevar som fullførte med fullførkode A, vurdert etter individuell opplæringsplan. 3 elevar fekk fullførkode H, ein av desse på grunnlag av vedtak om tilpassa løp, medan dei 2 andre var deltidselevar. 6 elevar fekk karakteren 1 til eksamen, vi vonar at fleire av desse skal kunne bestå ved NUS-eksamen hausten -25. 3 elevar fekk karakteren 1 til standpunkt. Ein elev fekk fullførkode M på grunn av manglande vurderingsgrunnlag i fag.

Vi er veldig stolte over at vi for skoleåret 24-25 igjen hadde ein gjennomføringsprosent på over 92%. Samtidig er vi spente på korleis tala for fullført og bestått utviklar seg dei

kommande åra. Vi er bekymra for at synkende elevtal på distriktsskolar får så store konsekvensar for skolen sine rammar og ressursar at vi må gå ned i kvalitet på opplæringa. God kvalitet på opplæringa er saman med tett oppfølging av elevane nøkkelfaktorane for gode gjennomføring- og fullføringstal.

Skoleåret 24-25 måtte vi pga ressursituasjonen slå saman elevgruppene i fellesfag på 2 utdanningsprogram på vgl yrkesfag. Dette gjer det ekstra krevjande for faglærar å gje kvar enkelt den oppfølginga og den tilpassa opplæringa dei har krav på. Elles ser vi at lærarane strekkjer seg langt for at elevane skal fullføre og bestod, kanskje nokre gonger for langt. Her er vi spente på korleis retten til meir opplæring vil verke inn i åra framover.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Bygg- og anleggsteknikk	3,92
Elektro og datateknologi	3,87
Helse- og oppvekstfag	4,30
Påbygg til generell studiekompetanse	3,74
Studiespesialisering	4,48
Teknologi- og industrifag	3,94

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Surnadal vgs	4,28	4,26	4,24	4,29	4,20
Fylket	4,26	4,24	4,21	4,20	4,19

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

For læringsresultat hadde skolen skoleåret 24-25 mål om at «vi skal gi ei opplæring som opplevast overkommeleg og tilstrekkeleg utfordrande for elevane». Sentrale tiltak her er at alle skal vera tett på og støtte eleven og følgje skolen sine standarar for kontaktlærar og faglærar, og systematisk arbeid med elevmedverknad i undervegsvurderinga.

Samla karaktersnitt for skolen skoleåret 24-25 er tilnærma likt skoleåra 20-21, 22-23 og 23-24. Karaktersnittet for skolen er marginalt høgare enn fylkessnittet.

Elevane sin trivsel, som samla sett rapporterast som god, påverkar nok læringsresultatet positivt. I tillegg har vi ei ambisiøs og ærekjær tilsettegruppe som kvar dag gjer sitt beste for at elevane skal lykkast i læringsarbeidet. Vi opplever også å ha ei elevgruppe som ynskjer å gjera det godt på skolen og som slik motiverer kvarandre til innsats. Skolen held fram det systematiske arbeidet i 25-26, med fokus på same tiltak som i 24-25

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	7,9	11,7	5,5%
Vg1	7,3	9,7	4,9%
Vg2	7,8	12,5	5,5%
Vg3	9,3	14,2	6,6%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Surnadal vgs	2,0%	2,3%	5,9%	6,3%	5,5%
Fylket	2,4%	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolen sitt totale elevfråvær i 24-25 var 5,5%. Prosenten er lågare enn fylkessnittet (7,7%), og lågare enn førre skoleår (6,3%), men etter vår vurdering likevel for høg.

Prosenten har auka betydeleg i perioden frå 20-21. Dette har delvis naturleg samanheng med at 3-årig unntakstilstand på grunn av koronapandemien er over, og at ordinært fråværsreglement er gjeldande. Samtidig må vi ta inn over oss at fråværstala er for høge. På grunnlag av dette og plikta til å følge opp fråvær i ny opplæringslov, skjerpa skolen praksisen for skoleåret 24-25. Vi var enda tettare på elevane enn vi har vore tidlegare, med tett oppfølging av elevfråvær frå dag 1. Som eit ledd i arbeidet tok vi jamleg ut fråværsrapportar og har enda lågare terskel enn før for å gjennomføre avklaringssamtalar og klasselærarmøter. Vi sørga også for å vektleggje betydninga av skolenærvær i alle møte med elevane. For elevar under 18 år er det og avgjerande med eit godt og tett samarbeid med føresette.

Vi trur at høg trivsel hjå elevane, i kombinasjon med at vi er "tett på", er av stor betydning

for at elevane skal møte på skolen. I dette arbeidet er kontaktlærer avgjerande, men arbeidet til rådgjevar, faglærarar, andre tilsette ved skolen og ungdomsteamet er og viktig.

Elles er det verd å nemne at ein god del av fråværet skuldast køyretimar, anten for lettmotorsykkkel eller bil. Som ung på landsbygda, kor det er eit begrensa kollektivtilbod, er det å køyre opp noko dei fleste ungdommane opplever som nødvendig. Og om ein skal på glattkøyering eller by-køyering går det med ein heil skoledag når ein bur i Surnadal.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2024–25

Prosent	Tal
3,0%	6

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24	2024–25
Surnadal vgs	2,5%	2,3%	4,2%	3,9%	3,0%
Fylket	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skoleåret 24–25 var det 3,0% av elevane som slutta, ein nedgang frå 23–24 (3,9%) men framleis ein auke frå 21–22 (2,3%). Også skoleåret 24–25 har skolen arbeida iherdig og systematisk for at elevane skal fullføre og bestå. Trass godt arbeid frå både faglærar, kontaktlærer, rådgjevar og leiinga, er det kvart år enkelte elevar som sluttar.

Ofte er årsaka til at ein elev vel å avslutte skoleåret samansett. Ein risikofaktor er hybellivet. Det å ha vorte plassert hjå oss, utan noko tilknytning/relasjon til bygda er krevjande for mange. Dersom desse elevane i tillegg opplever utdanningsprogrammet som krevjande blir totalen for stor for enkelte. Elles er utfordringar knytt til psykisk helse ein gjentakande orsak til at elevar vel å avslutte skoleåret.

Talet på elevar som ikkje fullfører skoleåret er framleis for stort. Dette trass i at vi meiner å gi elevane som treng det nødvendig hjelp for å kunne fullføre. Kontaktlærar har låg terskel for å melde bekymring til føresette (elevar under 18 år) og til rådgjevar/leiing viss ein elev har fråvær, strevar fagleg eller syner andre risikoteikn med tanke på å ikkje fullføre skoleåret. Vi har også låg terskel for avklaringssamtalar, og tett og godt samarbeid med både PPT og ungdomsteam. Arbeidet held fram i minst like stor grad i 25–26.

4.5 Overgangar

Overgang frå ungdomsskole

God samhandling med ungdomsskolane i opptaksregionen Halså, Rindal og Surnadal lettar overgangen for elevane frå 10. trinn. Rådgjeving til elevar, føresette og lærarar, både frå rådgjevar frå eigen skole og frå rådgjevarane ved ungdomsskolane er her essensielt. Slik får elevane eit godt grunnlag for å gjera gode val. Rådgjevarane samarbeider også seg i mellom, og rådgjevar/leiing frå oss er på besøk ute på ungdomsskolane og orienterer om skolen sitt tilbod. Vidare gjennomførast det kvar vår overleveringsmøter mellom skolane og jamlege møter i tverrfagleg team.

Skolen har faste treffpunkt for elevane på 10. trinn. I tillegg til hospiteringa inviterast mellom anna elevar og føresette på 10. trinn i opptaksregionen til årleg informasjons- og besøkskveld. Skolen deltek også på foreldremøte for 10. trinn i Surnadal, som er den største avgivarskolen.

Skolen har eit samarbeid med ungdomsskolen i Surnadal om arbeidslivsfag. Her får elevane på 9. trinn delar av undervisninga i faget fysisk hjå oss. Dette er eit godt tilbod for elevane som vi trur tryggjar dei i overgangen. Denne type samarbeid er og ein styrke både for vår skole og for ungdomsskolen. Samarbeidet held fram i 25–26.

Overgangar på vidaregåande

Gjennom klasselærarmøte som gjennomførast ved skolestart, kor lærarane frå året før møter nye lærarar, får vi tilpassa opplæringa og møtt kvar elev med dei føresetnadane

dei har for læring. Tema på møta er læringsmiljø, både på system- og individnivå.

Samarbeid med arbeids- og næringsliv og overgang til lære

Elevane på yrkesfag får tilbod om praksis i yrkesfagleg fordjuping i løpet av skolegangen. Dyktige elevar ute i praksis gjer bedriftene positive til å ta i mot elevar, fordi dei tidleg får kjennskap til kva kompetanse som finst. I tillegg er bedrifter jamt inne på skolen for å kome i dialog med elevane. Slik blir elevane godt kjende med kva moglegheiter som finst. Utplassering gir også elevane god kjennskap til kva som møter dei når dei kjem ut i lære.

Yrkesfaga ved skolen har naturlegvis tettast samarbeid med bedriftene. Ein viktig samarbeidspartnar her er Indre Nordmøre opplæringskontor, som har tilhald på skolen. Skolen har eksempelvis eit tett samarbeid med Hydro og Bratset frå Sunndal og Pipelife og Talgø frå Surnadal om praksiskandidatløp i automatiseringsfaget. Studiespesialisering har også gode eksempel på samarbeid med bedrifter. Med Pipelife innafor realfag og engelsk, og med Alti innafor økonomifaget.

Skoleåret 24-25 fekk skolen eit større ansvar for formidling til læreplass. I den samanhengen utvikla vi eit årshjul for formidlingsarbeidet. Formidlingsarbeidet startar allereie første skoledag på vg1 yrkesfag og held fram gjennom heile vg1 og vg2. Gjennom faget yrkesfagleg fordjuping sørger vi for å gi elevane gode føresetnader for å gå ut i lære. Vi erfarer at det framleis er god tilgang på læreplassar, dette gjer overgangen til arbeidslivet enklare. I tida framover er vi spente på utviklinga i byggebransjen. Her er det marknadsutfordringar som vil kunne påverke tilgangen på praksis- og læreplassar.

Overgang til høgare utdanning

Spesielt faglærarar på studiespesialisering og påbygging til generell studiekompetanse har i den daglege opplæringa fokus på å gi elevane gode føresetnader for framtidige studiar. Elles sørgjer først og framst rådgjevar for at elevane får den kompetansen dei treng for å kunne gjera gode val for framtida gjennom mellom anna informasjon om høgare utdanning og rettleiingssamtalar med kvar elev.

Tverrfagleg samarbeid

Vi opplever eit godt samarbeid med grunnskole, PPT og helse- og ungdomstenester. I Surnadal og Rindal, som er dei to viktigaste opptakskommunane våre, er det ein gjennomgåande PP-teneste. Det at PPT kjenner elevane frå grunnskolen er med og sikrar ein god overgang mellom grunnskole og vidaregåande opplæring.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Generelt

Arbeidet med leiing og profesjonsutvikling er forankra i skolen si handlingsplan for kvalitet i opplæringa, kor hovudmålet er: «Alle skal vera aktive deltakarar i å gjera skolen til ein god læringsarena for elevar og tilsette». I arbeidet med handlingsplana har det vore sentralt å ta utgangspunkt i kva som er best for eleven. Dette er konkretisert i skolen sitt overordna mål: "Elevane ved Surnadal vidaregåande skole skal fullføre, vera budde på det som kjem og meistre liva sine i medgang og motgang."

Kompetanseutvikling og kompetanse for kvalitet

Skolen si plan for kompetanseutvikling er kopla til handlingsplan for kvalitet i opplæringa. I kompetanseplana skisserast skolen sine kompetansebehov på kort og lang sikt. Skolen hadde skoleåret 24–25 to tilsette på vidareutdanning innanfor ordninga kompetanse for kvalitet (KFK): Ein tilsett i vidareutdanning i «Digitalisering og programmering for yrkesfag» gjennom stipendordninga, og ein i vidareutdanning i «Andrespråkspedagogikk» gjennom vikarordninga.

Undervegs- og sluttvurdering

Arbeid med undervegs- og sluttvurdering er forankra i skolen si kompetanseplan. Vi arbeider med temaet i kvart fag/på kvar avdeling og samla for alle lærarar gjennom kunnskapsdeling i fellestid, på faget sine premissar. Sidan 21–22 har vi her også hatt eit samarbeid med Sunndal vgs og Tingvoll vgs. Målet med samarbeidet er legge til rette for større fagmiljø, for slik å auke kompetansen i faggruppa på skolen og samla i regionen.

Det gjennomførast felles fagdagar for faggruppene ved skolane, med fagleg støtte frå Høgskulen i Volda. Det er og lagt til rette for samarbeid og deling mellom dei felles fagdagane via mellom anna Teams. Samarbeidet er finansiert gjennom den nasjonale DeKom-ordninga (desentralisert kompetanseutvikling). Samarbeidet held fram i 25–26

Inkluderande praksis og problematisk skolefråvær

Gjennom kompetanseløftet for inkluderande praksis har skolen prioritert fokus på problematisk skolefråvær. Som tidlegare gjort greie for har vi systematisk kvar månad gjennom skoleåret gjennomgått fråværsrapportar og fortløpande sett inn tiltak der det har vore behov for det. Inkluderande praksis og skolefråvær har også jamleg vore tema i fellestid og på kurs- og planleggingsdagar. PPT har vore ein god samarbeidspartner og bidragsytar. Arbeidet held fram i 25–26.

Kunnskapsdeling

Det er mykje god kompetanse blant lærarane på skolen. Å legge til rette for kunnskapsdeling både internt og på tvers av fagavdelingar blir slik like viktig framover. Skolen held fram med same mål og tiltak innanfor leiing og profesjonsutvikling skoleåret 25–26. Dette er, og skal vera, eit langsiktig arbeid, kor fokus over tid er viktig.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no